



Sondre Eknes  
Elvavegen 63  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/4046 - 23/56106

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
04.07.2023

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 323/599 Frekhaug

Tiltak: Carport  
Byggjestad: Gbnr: 323/599  
Tiltakshavar: Sondre Eknes

Kommunen viser til søknad om oppføring av carport mottatt 15.05.2023. Vi beklagar sein tilbakemelding.

### Vi treng meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket er ikkje nabovarsla. Der det er krav om at det må liggja føre erklæring med samtykke frå nabo før kommunen kan godkjenna plasseringa av tiltaket, er ytterlegare varsel til naboar ikkje nødvendig.
  - a) Det er sendt inn erklæring med samtykke frå eigar av naboeigedomane gbnr 323/598 og 323/600. Erklæringane omfattar ikkje alle heimelshavarane og må supplerast før kommunen kan fatta vedtak.
  - b) Avstand til eigedomen gbnr 323/567 er også 0 meter slik at det er nødvendig å innhenta erklæring frå heimelshavar for denne eigedomen og.

Før kommunen kan behandla søknaden må det liggja føre erklæring frå tilgrensande eigedomar på gbnr 323/598, 323/600 og 323/567 der alle heimelshavarane har signert. Naboliste følgjer vedlagt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.08.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Naboliste gbnr 323-599

**Mottakarar:**

Sondre Eknes

Elvavegen 63

5918 FREKHAUG